



Blir Bringedalsbygda skule sine elevar overført til Uskedalen?

Rådmannen tilrår i si utgreiing om skulestrukturen som no er lagt fram at Bringedalsbygda og Uskedalen skule vert samla i Uskedalen frå 1. august 2015. Det vil gje ein reduksjon på 4 årsverk og dermed innsparing på 2,5 millionar kroner årleg. Investeringskostnaden er ført opp med 8 millionar. Det betyr ei utviding av skulen i Uskedalen med 250 kvadratmeter. Rådmannens utgreiing er lagt ut på høyring med 20. desember som frist.

Ein samla skule for elevane i dei 2 krinsane i Uskedalen vil få 8-9 klassar med omlag 180 elevar og føre til ein reduksjon på 2 klassar dei første åra.

Om Uskedalen skule i dag skriv rådmannen at den planlagte rehabiliteringa byggjer på at kapasiteten framleis skal vera 7 klassar. Ei samanslåing vil altså føre til at rehabiliteringaogså må omfatta ei utbyggjing for fleire elevar og klassar. Bringedalsbygda skule vil i skuleåret 2013/14 ha 4 klassar med 65 elevar.

Rådmannen slår fast at kommunestyret gjennom forskrift om kringsgrenser kan vedta at elevane frå Bringedalsbygda kan høyra til ein storskule på Husnes. At elevane går til ungdomsskulen på Husnes frå 8. klasse er eit argument for dette. I utgreiinga legg rådmannen likevel til grunn at Uskedalen er nærskule for elevane frå Bringedalsbygda.

Skulen i Bringedalsbygda har for liten plass og har behov for 250 kvadratmeter nytt areal og rehabilitering av bygget, som var berekna til 9,8 millionar i 2008.

Ei samling av dei 2 skulane kan ikkje gjennomførast frå skuleåret 2013/14 då det ikkje vil bli plass til fleire klassar og elevar ved Uskedalen skule før i 2015.

Det er 5,2 kilometer mellom dei 2 skulane og elevane med lengst skuleveg får 9 kilometer skuleveg eller ei reisetid på 15 minuttar.

Skysskostnadane vil auka med 300 000 men utgifter til reinhald og bygg reduserast tilsvarande.

Av Ola Matti Mathisen